



Observatør Kurt Haugland bur nok ikkje på ein av dei mest vindutsatte plassane i bygda, han er å finna på Korsnes Nord

Det er ikkje målt sterkare vind enn 22,4 (liten storm) på Korsnes i uversperioden og den målinga fant stad laurdag morgon. Det kan kanskje nokon undra seg over, men då skal ein hugsa på at det er noko som heiter kast og dei har i høg grad prega vinden i dei siste dagane. Ein kastoversikt frå meteorologane har mange registreringar langt opp på 30-talet og det betyr skikkeleg orkan.

Statistikken for dei første 12 dagane i det nye året fortel at vinden var oppe i 20,6 sekundmeter 8. januar og 19,7 sekundmeter 7. januar. Natt til idag nådde den 18,8. Varslet går ut på at det skal halda fram med liten kuling fram til midnatt.og dessuten at det skal regna 50 millimeter på 12 timar.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen